


## Kulturhistorisk Landskapsmuseum med Skipshelleren - den eldste innlandsbuplassen av denne storleik her i landet.

Historical Landscape Museum at Skipshelleren - the oldest inland Stone Age dwelling of this size in Norway.



*Straume.* Foto: Sveinung Klyve

## Rute og ymse av interesse

Terreng: Variert sti fram til Skipshelleren. På den andre sida av brua delvis veg, sti og skogsveg. noko stigning.
Tid: Ca. 30 min til Skipshelleren. Heile turen ca. 1 1/2-2 timar.

Turen startar ved parkeringsplassen ved den sermerkte Bolstadstraumen Bru, bygd i midten av 1960 åra (**1**).

Her finn du eit spesielt busskur i grindverksbygnad, i tråd med vestnorsk byggetradisjon. Denne byggemåten finn du att i naustrekkja på andre sida av brua ,der ein og har eit tilsvarande busskur.
Her er Bolstadstraumen på sitt smalaste og dette medfører sterk straum i fjorden ved skifte mellom flo og fjøre. I tida før brua var det ferjesamband over straumen frå Dæmring på den eine sida til Straume på den andre.

Den sterke straumen gjorde båtturen svært risikabel, og det vart difor pålagt å byggja ei dragebryggje på begge sider av straumen , for at ferdafolk med mindre båtar kunne gå i land og dra båtane sine langs det mest utsette partiet. Soga fortel om fleire forlis i straumen , både brudefølgje og skattefut . Dette kan ein lesa om i Bygdebok for Vaksdal.

Det var fylket som stod for byggjinga av dragebryggja, og Vaksdal kommune har i seinare tid restaurert bryggja som eit viktig kulturminne (**2**).
Frå brua er det mogleg å fiske utan fiskekort, og det er vanlegvis godt om fisk her, både sjøfisk og laks.

Frå parkeringsplassen er det merka sti til Skipshelleren, den eldste innlandsbuplassen av denne storleik her i landet .
Namnet Skipshelleren er truleg frå mellomalderen. Namnet kjem av at ein her drog skipa sine i vinteropplag, eller for å ta seg vidare innetter til fots (**3**).

Avstanden frå inst i helleren til open himmel er omlag 15 meter og det er omlag 30 meter frå golvet til taket. Her regnar det aldri, og difor veks det heller ingen planter.

## Route and places of interest

Terrain: Path in varied terrain to Skipshelleren. On the other side of the brigde country road, footpath, slight incline
Time: Approx. 30 min to Skipshelleren. Total walk approx. 1 1/2-2 hours

The tour starts from the parking place by the bridge at Straume. The river here is actually a tidal estuary with swift currents that were difficult to cross before the bridge was built in the 1960's (**1**).

There was a ferry here then, taking people from Dæmring across to Straume (which means "The place by the current"). The crossing was hazardous at times and there were several shipwrecks; on one occasion an entire wedding party was lost and another time a tax collector disappeared. History does not reveal which loss was mourned the most, but by official decree a long pier was constructed for hauling the boats past the most dangerous part. This pier or "Dragebryggje" was built by the county and is now restored by the local municipality of Vaksdal as an important cultural monument (**2**).

You need no fishing licence to fish from the bridge, and the catch of both salt- and freshwater fish is usually quite good. Take a look at the bus-shelter by the parking area on the south side of the bridge. The unique frame construction is a tradition of Western Norway and you find it again in the old boathouses and the bus-shelter on the other side.

From the parking area there is a marked trail to Shipshelleren, the oldest inland Stone Age dwelling of this size in Norway. The name probably dates from medieval times and means literally "rock overhang for ships". The dry area under the overhang was used for storage of boats during winter, or when travellers could not get past the currents and proceeded on foot (**3**).

The dry area extends a distance of 15 metres from the back wall, and the rock ceiling is 30 metres high at the perimeter. There is never any rain here and no plants.

**Sjå Tur 63 for reiserute og fotturar**
See Tour 63 for route and walks

Ved utgravinga av helleren i 1930, fann ein eit opptil 1.7 meter tjukt kulturlag med rester etter folk som har budd her meir eller mindre fast i 6 ulike tidbolkar. Under utgravingane fann ein over 175 000 bein og beinsplintar som fortel om det rike dyre-og fiskelivet i området. Dei vanlegaste dyra var hjort, fjordsel, villsvin, bjørn, oter, elg og mår. Men ein har og funne restar etter kvitskjeving,ein småkval type, og «tamme» pattedyr som sau,geit,storfe,gris,hest og hund.

I straumen levde både saltvass -og ferskvassfisk og det gjorde området svært rikt og ressursterkt for matauk. Ein del av beinfunna var utforma til ulike reidskapstypar som onglar, pilspissar o.l. Havnivået i steinalderen var om lag 20 meter høgare enn i dag, og sjøen gjekk såleis heilt opp til «golvet» i helleren.

Skipshelleren er verna etter Lov om fornminne. Det er såleis forbode å gjera opp eld under helleren eller å grava i kulturlaget der.
Eit mindre steinsprang i 1996 har medført at vernestyresmaktene har sett opp varselskilt om faren ved å opphalda seg under helleren.

Om du følgjer stien vidaren ned mot sjøen, finn du ein hyggeleg rasteplass med bord,benker og grill . Ved til grillen finn du i ein gapahuk på staden. Her får skuleklassar frå heile Hordaland undervisning om livet i steinalderen i vår- og haustmånedane, og kan m.a. læra å gjera opp eld utan fyrstikker, hola ut trestammar ved hjelp av steinøkser o.l. og ikledd hjortskinnsklede kan dei leva seg heilt inn i kvardagen til steinaldermennesket.

Du må følgja samme stien attende til parkeringsplassen.
På den andre sida av brua kan du vitja ei av mange laksegiljer i denne delen av fjorden.

Denne laksefiskemetoden var svært mykje brukt i tidlegare tider og laksen var ei viktig attåtnæring for bøndene i området her. Sidan 1995 har laksefiske vore forbode i fjorden, og villaksstammen er diverre nesten berre historie.
Om du går ut på gilja må du gå gjennom gardstunet på Straume og følgja merka sti gjennom innmark. Du bør ikkje ha høgdeskrekk om du vil ut på gilja .

Ved straumen på denne sida finn du og nausta i grindbygnad som tilhøyrer Straumegardane og som inngår i Kulturhistorisk Landskapsmuseum.
I sommarsesongen kan du og vitja skulemuseet og Dyviksamlinga som er ein del av museet **(4)**.
Om du ynskjer å gå ein litt lengre tur i dette landskapet, vil vi rå til ein tur i Straumsdalen langs skogsvegen. Her møter du elva og du finn spor etter gamle stølar og skogsdrift. Ein idyllisk tur som ikkje krev sportskondisjon **(5)**.

When the site was excavated in the 1930's, the archaeologists found a midden 1.7 metres thick, generated by various tribes that lived here more or less continuously during six different periods of time. More than 175 000 bones and bone fragments were found which tell a detailed story of rich hunting and fishing in the area. Among the animals the most important were elk, deer, fjord seal, wild boar, bear, otter and marten, but remains of small cetaceans and "tame" animals like sheep, goats, cows, pigs horses and dogs were also found.

The tidal estuary supported both fresh and salt-water fish and was therefore an exceptionally rich larder. Some of the bones where shaped into fishing hooks, arrowheads, needles and the like. During the Stone Age the ocean level was about 20 metres higher than it is now, and the shore was quite near the floor under the overhang.

Shipshelleren is a registered historical monument and making fires under the overhang or digging in the midden are prohibited. In 1996 some rocks fell down from the ceiling and a sign now warns of the danger of standing under the rock vault.

The path continues down to the shore to a pleasant picnic area with tables, benches and a grill. Firewood for the grill is stored under a lean-to nearby. During spring and autumn classes from schools all over Hordaland come here to learn about life in the Stone Age. Among other things they learn to make fire without modern aids, and while dressed in deerskin clothing they get to hollow out logs with a stone axe and re-enact the everyday life of a Stone Age hunter.

You return to the parking area along the same path.
On the other side of the bridge you can visit one of the many Laksegiljer (Salmon traps) in this part of the fjord. This fishing method was much used in the old days and salmon was an import economic resource for the farmers in this area. Sadly, the old local species of wild salmon is near extinction and salmon fishing in this part of the fjord has been prohibited since 1995.

If you wish to take a closer look at the salmon trap you have to pass through the Straume farm and follow the marked trail through the fields. Those who climb onto the salmon trap should not be afraid of hights.
Down by the tidal current on the same side as the Laksegilje, you find the old boathouses with the traditional West Norwegian frame construction. The boathouses belong to the Straume farms and are still in use, but are now part of the local Historical Landscape Museum.

During the summer season you can also visit the School Museum and the interesting Dyvik Collection, which are parts of the Historical Landscape Museum **(4)**.
If you want to take a longer walk in this area, we recommend a tour along the forest road in Straumsdalen. There is a beautiful river there, and you see the signs of old logging activities and partly overgrown mountain pastures with the remains of shealings for the milkmaids. An idyllic walk requiring no more than average physical stamina **(5)**.

***Hugs:***
*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

***Remember:***
*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laving out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

**Kopiering er ikkje tillatt** **All rights reserved.**

 BODONI HUS